

INFORMASJONS-HEFTE

skuleåret 2019/2020



Austebygd skule

.....ME BRYR OSS!

Gode elevar, føresette og tilsette!

Vel møtt til nytt skuleår!

Eit ekstra varmt velkommen til dei 6 elevane som i år begynner på 1. årstrinn - og til foreldra deira!

Ida Greve er tilsett i 50 % stilling dette skuleåret. Elles er det ingen endringar når det gjeld personalet.

Arbeidet med «nytt» leikeområde for skulen og barnehagen er godt i gang !

Skuledelen av leikeområdet vert ikkje ferdigstilt før etter nokre dagar ut i det nye skuleåret.

Utviklingsområde i 19/20.

Skuleåret 18/19 vart det tatt i bruk ein felles verksemdsplan for skulane i Radøy. Visjonen her er «**Livsglede og lærelyst 2018-2022**». Fokusområda er *lesing, læringsmiljø og innføring av ny læreplan* (ny læreplan skal takast i bruk hausten 2020).

1.august 2017 kom det nye reglar om elevane sitt skulemiljø, der elevane sine rettar og skulen si aktivitetsplikt er skjerpa. Endringa skal skjerpe elevane sine rettar og skulen sine pliktar, og gir Fylkesmannen ei heilt ny rolle. Dersom skulen blir varsla om til dømes ei mobbesak utan å følgje opp, kan elevar og føresette ta direkte kontakt med Fylkesmannen.

Elevar som opplever å ikkje har eit godt og trygt skulemiljø skal få rask hjelp.

Aktivitetsplikta inneber at alle tilsette på skulen har plikt til å følgja med, gripa inn, undersøkje saka, varsla og gjera tiltak. Arbeidet med å ha sterkt fokus på å skapa gode klassermiljø og eit trygt og godt skulemiljø for alle, er ikkje noko nytt på Austebygd.

Me vil framleis vera ein **Zero-skule**, og me held fram det systematiske arbeidet vårt.

Hausten 2018 tok alle skulane på Radøy i bruk felles «**Handlingsplan for å sikra eit trygt og godt skulemiljø**». Skulane og barnehagane på Radøy er også deltakarar på kompetanseutviklingsprogrammet «Inkluderande skule- og barnehagemiljø».

Fylkesmannen i Hordaland er ansvarleg for framdrifta i programmet.

I arbeidet med sosial kompetanse nyttar skulen vår desse anerkjente program/verktøya:

- 1.-2.årstrinn vil bruka "Zippys venner"
- 3.-4.årstrinn brukar programmet "Steg for Steg"
- 5.-6.årstrinn brukar Lions sitt program "Mitt val"
- 7.årstrinn brukar "ART"-programmet

Me vektlegg også eit tett og godt skule-heim samarbeid. Å spela på lag til det beste for kvar enkelt elev, og for heile skulen, er heilt avgjerande i arbeidet med å få til eit best mulig skulemiljø!

Eg ønskjer lukke til i det nye skuleåret, og ser fram til eit godt samarbeid med både elevar, foreldre og personalet!

Beste helsing

Vigdis Villanger

rektor



Personalet ved Austebygd skule, 2019/2020

Priv. telefon

Rektor:	Vigdis Villanger	40206567
rektor si e-post adresse:	vigdis.villanger@radoy.kommune.no	
e-post til skulen og barnehagen:	austebygd.skule@radoy.kommune.no	
Inspektør:	Linn Merethe Myrtveit	92644342
	e-post: linn.merethe.myrtveit@radoy.kommune.no	
Kontaktlærer	1.- 2. årstrinn: Liv Vetås	97709149
	e-post: liv.vetas@radoy.kommune.no	
Kontaktlærer	3.- 4. årstrinn: Elin Nøttveit	48221234
	e-post: elin.nottveit@radoy.kommune.no	
Kontaktlærer	5.- 6. årstrinn: Birte Andersen Fjellsende	99159098
	e-post: birte.fjellsende@radoy.kommune.no	
Kontaktlærer	7. årstrinn Linn Stevnebo	41324156
	e-post: linn.stevnebo@radoy.kommune.no	
Timelærer	3. – 4. årstrinn Ida Greve	92060992
	e-post: ida.greve@radoy.kommune.no	
Kontorsekretær:	Heidi Berg Marås	48103069
	e-post: heidi.berg.maras@radoy.kommune.no	
Fagarbeidar SFO og skule:	Veslava Romanovskaja	46371922
	e-post: veslava.romanovskaja@radoy.kommune.no	
Fagarbeidar SFO og skule:	Karoline Kaarstad	46471339
	e-post: karoline.kaarstad@radoy.kommune.no	

Vaktmeister: **Yngve Kaarstad** 90645671 (jobb)

Austebygd skule:

Telefon kontor: 56349145 **Rektor:** 56349146 **Inspektør:** 56349147
e-postadr.: austebygd.skule@radoy.kommune.no **heimeside:** radoy.kommune.no

Helsesjokepleiar på Austebygd skule:

Kjersti Risa Marøy 56349091 40907642 (jobb)

Ho er på skulen annakvar måndag, første dag vert 26. august.

Kontortid - og meldingar til lærarar og assistentar.

Rektor og inspektør er til vanleg på skulen mellom ca. kl. 08.00 og 15.30.
Sekretæren har kontortid kvar dag utanom onsdag (ca. 5 timar pr. dag) – og vil kunna ta imot telefon-beskjedar i ein stor del av den ordinære skuletida.



Lærarane kan lettast nåast i desse friminutta:

kl. 09.45 -10.00 og 11.00 -11.25 Telefon: 56 34 91 45

Elevane kan ikkje rekna med å få låna telefonen til å ringja heim for å be om løyve til å gå på besøk til kvarandre. Slike ting må avtalast utanom skuletida.



Organisering av timane/skuledagen.

1.- 4.årstrinn har 25 undervisningstimar à 45 minuttar i veka.

5.-6.årstrinn har 27 undervisningstimar à 45 minuttar i veka (+ 1t/v m/fysisk akt.)

7.årstrinn har 28 undervisningstimar à 45 minuttar i veka (+ 1t/v m/fysisk akt.)

Skulen tar til kvar dag kl. 8.15 - for alle elevane.

1.- 4.årstrinn sluttar kvar dag kl. 12.55.

5.-6.årstrinn sluttar kl. 12.55 måndag og tirsdag - og kl. 13.50 onsdag, torsdag, fredag.

7.årstrinn sluttar kl. 12.55 måndag - og kl. 13.50 tirsdag, onsdag, torsdag, fredag.

Organisering av timar + friminutt vert som vist under:

1.time:	kl. 08.15 – 09.00 (fysisk aktivitet for 5.- 6.-7. onsdagar)
2.time:	kl. 09.00 – 09.45
Friminutt:	kl. 09.45 – 10.00
3.time:	kl. 10.00 – 10.45
Mat + friminutt:	kl. 10.45 – 11.25
4.time:	kl. 11.25 – 12.10
5.time:	kl. 12.10 – 12.55
Friminutt:	kl. 12.55 - 13.05
6.time:	kl. 13.05 – 13.50

Skuleklokka ringjer når elevane skal inn + når skulen sluttar.



Skulefritidsordning(SFO).

Det er SFO for 1.-4.årstrinn frå kl.07.30 om morgonen, og etter skuletid til kl.16.30.
SFO - tilbodet om morgonen vert organisert i samarbeid med barnehagen, og dei borna som skal på morgon-SFO, møter difor alltid opp i barnehagen.

Også om ettermiddagen, frå kl. 15.30, er det samarbeid mellom SFO og barnehagen. *Veslava Romanovskaja* og *Karoline Kaarstad* deler på planlegging og gjennomføring av SFO-aktivitetane.

Dei månadlege SFO-satsane for foreldrebetalinga vert frå hausten:
t.o.m 10 t/v: kr 1976 t.o.m.15t/v: kr 2553,60 meir enn 15 t/v: kr 3040,-
Det vert gitt søskenmoderasjon med 30%.

Matpengar kjem i tillegg til prisane over. Desse var i fjor kr.12,50 pr. SFO-dag.

Gebyr ved for sein henting.

Radøy kommunestyre har gjort vedtak om at det skal krevjast inn eit gebyr på kr.100,- pr. påbegynt halvtime ved for sein henting i barnehagane og på SFO.



Skuleskyss.

Morgonskyss:

Bussen er den same som skal til ungdomsskolen:

Frå Straume kl. 07.40 om Mjøs - Nordanger - Valdernesnes til skulen ca. kl. 8.00

Buss ved Lygresvingen ca. kl. 7.40 (Ordinær rute til Mastrevik)

Sluttskyss:

Frå skulen kl. 13.00 (alle dagar) og kl. 14.00 (tirsdag, onsdag, torsdag, fredag)

Bussen heim kl.13.00 går kvar dag via Valdernesnes, Sletta til Nordanger - Mjøs - Straume.

Skyssgrensene.

Grensene for rett til fri skuleskyss er etter statlege reglar:

For 1.årstrinn: Minst **2 km** mellom skule - heim

For 2.-7.årstrinn: Minst **4 km** mellom skule - heim

OBS!

Vegen gjennom Skoltedalen er ”klassifisert ” til å vera ”serleg farleg skuleveg” – difor får dei som har skuleveg her fri skuleskyss **ut 2.årstrinn.**

Også vegen gjennom Hellandsdalen er no ”klassifisert” som ”serleg farleg skuleveg”. Elevane som bur langs denne strekninga får fri skuleskyss.

Inspeksjon – bussvakter.

Når alle elevane er på skulen, er det minst to vaksne som har inspeksjon ute i friminutta. Det er også inspeksjon om morgonen - frå kl. 08.00 til skulen begynner.

Bussvakt etter skuleslutt: Skulen har alltid buss-vakt som følgjer elevane ned til bussen, og ingen av elevane har lov å gå forbi porten før bussvakta er på plass og kan gå fremst.

(Sjå også Ordensreglane her)



REGLAR for køyring/henting av elevar til skulen/ SFO/ barnehagen.

- Det er KUN tillatt å køyra opp på skuleplassen ved levering når barnehagen startar om morgonen. Ein må då vera tidleg ute, og bilen må vera nede på parkeringsplassen att seinast kl. 07.40.
- I oktober 2015 vart det i møte ml. FAU i barnehagen + SFO og rektor avtalt å opna for oppkøyring på skuleplassen ved henting – frå kl. 15.30 – i perioden frå 1.november og ut februar månad. Dette satsar me på å vidareføra også i 19/20.
- Ved henting om ettermiddagen er det er elles i året ikkje tillatt å køyra opp.
- Foreldre må parkera nede på parkeringsplassen "for gjestar". Ikkje parker i bakken verken ved levering eller henting! OBS! Ikkje parker på personalet sin parkeringsplass.



Porten inn til skuleplassen skal til vanleg vera stengt frå kl. 07.40 og resten av dagen. Det er viktig at reglane for bilkøyringa og kor ein skal parkera vert respekterte, sjølv om porten av ein eller annan grunn skulle stå open!

Andre viktige påminningar for tryggleiken til elevar og barnehageborn.

Ber også om at ingen køyrer heilt opp til barnehage-bygget ved levering om morgonen, men parkerer ved muren på den store skuleplassen. **Køyr alltid sakte**; det "nye" lagertilbygget på skulen gjer at det er mykje mindre oversiktleg enn tidlegare når ein køyrer inn på skuleplassen

For tryggleiken til borna i barnehagen og på SFO: Gå aldri frå bilen på skuleplassen eller på parkeringsplassen med motoren i gang eller bilnøklane i, når de skal levera borna dykkar.

Desse avgrensingane har me kun med eitt mål for auga:

Å SIKRA TRYGGLEIKEN TIL DINE - OG ALLE ANDRE SINE BORN

Satsing på godt inneklima: Alle må bruka innesko på skulen.

Ved Austebygd skule og Austebygd barnehage har me kjemikalie-fritt reinhald, der ein m.a. brukar mykje mikroklutar, meir regelmessig og grundig støv-tørking rundt om i romma - og minimalt med vaskemidlar. Målet er å få eit best mulig inneklima både for borna - og for alle som arbeider her. Eit viktig ledd i dette arbeidet, er bruk av innesko i klasseromma. Skulen vektlegg også at elevane skal vera med å ta ansvar for at klasseromma vert haldne fine og ryddige.

MERK : Alle elevane må ved starten av skuleåret ha med seg inne-sko som dei kan ha ståande på skulen - og byta til når dei kjem inn.



Meldingar til skulen, fråver, permisjonssøknader o.l.

Alle elevar får ei meldingsbok når dei begynner på skulen. Meldingsboka er viktig i kontakten mellom heimen og skulen. Me ber om at denne boka blir nytta til nødvendige til beskjedar og meldingar. Foreldra skal skriva melding når:

- eleven har vore sjuk og borte frå skulen
- eleven ikkje har gjort avtalt heimearbeid
- eleven ikkje kan vera med i gymnastikk eller symjing
- eleven kjem for seint
- eleven må spørjast fri frå skulen (inntil to dagar)
- eleven skal ikkje gå på SFO (Kan også ringje og melde frå om dette)

Meldingane skal vere grunnjevne.

Fråvær: ***Informér skulen før kl. 08.30 første dag eleven har fråvær.***
Skriv i tillegg i meldeboka første dagen eleven er tilbake på skulen.

Søknad om fri: Planlagt fråvær skal det ***søkjast om skriftleg*** – og i god tid.
Kontaktlæraren kan gje ein elev fri inntil 2 dagar.
Rektor kan i samråd med eleven sin kontaktlærer gje eleven fri inntil to veker.

Sjå elles Radøy kommune sine heimesider: ***Permisjon frå grunnskuleopplæringa og Fråvær i skulen - Retningslinjer***

Forsikring.


Barn på skulen/SFO og i barnehagen er forsikra gjennom Radøy kommune sine avtalar om forsikring.

Den enkelte elev er ansvarleg for å ivareta bøker og materiell.

For at elevane skal vita kva bøker dei har ansvar for, blir dei bedne om å skriva navnet sitt inne i bøkene, på eigen lapp innlimt med dette formålet.

Å kjøpa nye lærebøker er svært kostbart. Alle lærebøker skal difor ha bokbind / gråpapir heilt frå skulestart. Går bokbindet i stykker i løpet av året, ber me om at det vert sett på nytt.

Dersom bøker vert mista eller blir øydelagd, må eleven/heimen erstatta desse.



Fritak frå deler av undervisninga i KRLE.

Opplæringslova § 2-4:

”Kristendom, religion, livssyn og etikk er eit ordinært skolefag som normalt skal samle alle elevar. Undervisninga i faget skal ikkje vere forkynnande..... ”

Opplæringslova § 2-3a:

” Skulen skal visa respekt for elevane og foreldra sine religiøse og filosofiske overtydingar og sikra retten til likeverdig opplæring.



Elevar skal etter skriftleg melding frå foreldra få fritak frå dei delar av undervisninga ved den enkelte skulen som dei ut frå eigen religion eller eige livssyn opplever som utøving av ein annan religion eller tilslutning til eit anna livssyn, eller som dei på same grunnlag opplever som støytande eller krenkjande. Det er ikkje nødvendig å grunngi melding om fritak etter første punktum.

Det kan ikkje krevjast fritak frå opplæring om kunnskapsinnhaldet i dei ulike emna i læreplanen. Dersom skulen på eit slikt grunnlag ikkje godtek ei melding om fritak, må skulen behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

Skulen skal ved melding om fritak sjå til at fritaket blir gjennomført, og leggje til rette for tilpassa opplæring innanfor læreplanen.

Skuleeigaren skal årleg informere elevane og foreldra til elevar under 15 år om reglane for fritak og om innhaldet i opplæringa.....”

Når barnet sine foreldre ikkje bur i lag.

For at skulen skal forhalde seg korrekt til heimane med vedrørande informasjon, må skulen få opplysningar om foreldre har felles foreldreansvar eller ikkje. Sjølv om endringar i familieforholdet kan vera følelsmessig vanskeleg, er det viktig at skulen får melding, slik at me kan opptre korrekt i forhold til eleven og dei føresette.

I dei tilfelle kor foreldra ikkje bur saman, har skulen reglane under å halda seg til:



a) Foreldre med felles foreldreansvar.

- Begge foreldra har rett til same informasjon. Den av foreldra som barnet ikkje bur hos, kan be skulen om å få all skriftleg fellesinformasjon sendt direkte til seg sjølv. Skulen og den føresette vert då einige om kva praksis ein skal følgja.

Dersom skulen ikkje får oppmoding om å gje nemnde info, treng ikkje skulen gje det på eige initiativ.

- Foreldra har same rett til å delta på foreldremøte.

b) Foreldre som ikkje har felles foreldreansvar.

- Biologiske foreldre som ikkje har foreldreansvar, har rett til informasjon om barnets skulegang. Denne skal dei fortrinnsvis få frå den av foreldra som har foreldreansvaret, men dei kan også henvenda seg til skulen.

I spesielle tilfelle kan skulen nekta å gi ut slik informasjon, dersom opplysningane vert vurdert å kunna vera til skade for barnet.

- Den som ikkje har foreldreansvar, kan ikkje kreva å bli haldande løpande orientert om barnet. Dersom vedkomande ønskjer informasjon, må ho/han sjølv koma med oppmoding om det.

- Den som ikkje har del i foreldreansvaret, har ikkje rett til å delta på foreldremøte, med mindre den andre parten har gitt sitt samtykke.

c) Informasjon til ikkje-biologiske foreldre.

- Løyve til å delta på foreldremøte og innhenta annan informasjon, kan gjevast til andre enn biologiske foreldre, under føresetnad av at den/dei av partane som har foreldreansvar gir sitt samtykkje. Her ønskjer skulen skriftleg bekrefting på at slikt løyve er gitt.

Heimen har ansvar for å informera om den til ei kvar tid gjeldande ordning.

Opplysningane over er utdrag frå Rundskriv F-36-98 frå KUD.



Branntryggleik.

Skulen arrangerer 1 – 2 brannøvingar i året. Den første øvinga om hausten er varsla på førehand, både når det gjeld dag og tid. I forkant av den første brannøvinga, førebur kvar kontaktlærer elevane i sin klasse på det som skal skje. Branninstruksen vert nøye gjennomgått, og elevane øver på korleis dei skal gå ut og kor dei skal stilla opp når brannalarmen går.

Skulen og barnehagen har felles brannalarmanlegg, og felles brannøvingar.



Matpause – skulemjølk - skulefrukt.

Elevane får midt på dagen ein matpause på ca. 20 minutt. Treng nokon meir tid for å eta maten sin, får dei høve til det. På Austebygd skule skal elevane *alltid ha tilsyn* av lærar eller assistent når dei et.

Elevane ved skulen får tilbod om å kjøpa skulemjølk og skulefrukt.

Skulemjølk og skulefrukt må tingast over ”nettet”. Sjå adressene under:

Skulemjølk: www.skolelyst.no

Skulefrukt: www.skolefrukt.no



Attgløymde klede.

Kvart år gløymer elevane klede, gymtøy og sko på skulen. Over tid har ikkje skulen høve til å ta vare på alt som ligg att. Me ber difor dykk foreldre om å vera flinke til å merka klede og sko, og til å følgja opp om de saknar ting. Ta gjerne turen innom og sjå straks de saknar noko! Kleda vil i første omgang hengja att på knaggane i korridorane/ garderobane, og men vert seinare tatt vekk herifrå.

Attgløymde klede vil verta lagt fram i gangen på skulen til foreldrerådsmøtet i september. Klede som ikkje då vert henta, vert gitt til Fretex e.l. organisasjonar.

Symjeopplæring.

Symjeopplæringa vil gå i Radøyhallen dei 2 første timane om fredagane.

Elevane som skal på symjing, følgjer skulebussen til Manger om morgonen.

OBS! Bussen er ved skulen sitt buss-stopp ca. kl. 07.50!

Me har ekstra innleigd buss/drosje tilbake - ca. kl. 09.40 frå Manger.

Kompetansemåla i læreplanen seier kva ferdigheter elevane skal oppnå i symjing.

Etter 4.årstrinn skal eleven m.a.: “Vera symjedyktig ved å sleppa seg uti på djupt vatn, symja 100 meter på magen, og undervegs dykka ned og henta ein gjenstand med hendene, stoppa og kvila i 3 minutt (imens flyta på magen, orientera seg, rulla over, flyta på rygg); så symja 100 meter på rygg og ta seg opp på land.”

Etter 7.årstrinn skal eleven m.a.: “Utføra grunnleggjande teknikkar i symjing på magen, på ryggen, på sida, under vatn, og kunna berga seg sjølv i vatn.”

På Austebygd vert elevane i 19/20 delte i 3 symjegrupper:

1.-2.årstrinn, 3.-4.årstrinn, og 5.-6.-7.årstrinn.

Kvar gruppe får ein samanhengande periode med symjing i løpet av skuleåret, der dei to gruppene med elevar frå 1.-4.årstrinn får høgast prioritet.

Symjinga vert om fredagane og startar opp fredag 6.september for 3. og 4. trinn.

Symje-instruktørar vert *Elin Nøttveit og Linn Stevnebø.*

Heidi Berg Marås vil vera med som fast assistent ved symjinga. Me vil tidvis også ha fleire vaksne med som ekstra assistentar, m.a *Veslava Romanovskaja og Karoline Kaarstad*

Ein av dei vaksne som skal på symjing, vert med på bussen frå Austebygd skule.


Oppsett for symjeopplæringa skuleåret 19/20 vert sendt heimane når datoane for symjinga er klar.



Uteskule: 1.-4.klasse har uteskule kvar onsdag frå ca kl 09.45 til ca.12.30. I desember og til midten av februar er det ikkje uteskule.

Zero-skule – og arbeid for eit godt skulemiljø.

Austebygd skule har gjennom mange år vore ein Zero-skule, noko som betyr at me legg stor vekt på å arbeida systematisk for å sikra eit godt skulemiljø. Kvar klasse har m.a. eit spesielt, anerkjent program som skal brukast i arbeidet med å styrka den sosiale kompetansen. Null-toleranse ovanfor alle former for plaging og utestenging, er viktige element i Zero. «**Handlingsplan for å sikra eit trygt og godt skulemiljø**» inneheld m.a. konkrete tiltak og prosedyrar som skal hjelpa oss i anti-mobbearbeidet. Kapittel 9a i Opplæringslova understrekar at alle har rett til eit godt skulemiljø. Alle tilsette på skulen har ei aktivitetsplikt til å vera observante og følgja dette nøye opp.



Skulen har også ansvar for å gje god informasjon til dei føresette. De finn info på heimesida til Radøy kommune og på Udir.no.

Det er på nasjonalt nivå oppretta ein eigen nettstad om mobbing:

www.nullmobbing.no . Her finn ein både informasjon og får råd om mobbing.

Det er også eige mobbeombod i Hordaland fylke som er eit tilbod til alle barn og unge i Hordaland (og deira foreldre) som opplever å ikkje ha det bra i barnehagen eller på skulen.


<https://www.hordaland.no/nn-NO/utdanning/mobbeombodet-i-hordaland/>

TL-programmet

Austebygd skule er deltakarar på Trivselsleiarprogrammet, der utvalde trivselsleiarar frå dei eldste klassetrinna legg til rette for auka aktivitet i storfriminutta. Kombinert med gode handlingsplanar eller program for sosial kompetanse, kan Trivselsprogrammet også bidra til å redusera plaging/mobbing og auka trivselen.

Mål for Trivselsprogrammet er å

- fremja auka og meir variert leik/aktivitet i storfriminutta
- leggja til rette for at elevar skal kunna byggja gode vennskapsrelasjonar
- redusera konfliktar blant elevar
- fremja verdiar som inkludering, vennlighet og respekt



Sosiale arrangement på skulen

- Ein fredag i dei fleste månadene er det **Månadssamling** i gymsalen der ein av klassane har ansvar for programmet. (*Foreldre som har lyst å vera med, er velkomne!*) I år skal me starta opp med **morgonsamling** kvar måndag for alle elevane og personalet.
- Skulen og barnehagen + FAU/foreldre arrangerer i desember **Juleavslutning** med eit kveldsarrangement på Samfunnshuset. (*Foreldre, søsken og besteforeldre har blitt inviterte.*)
- Skulen og barnehagen arrangerer **Påskekafe** i gymsalen til inntekt for Gregory Smith sitt arbeid for gatebarn i Brasil. (*Arrangementet pågår i skuletida og er åpent for alle som har lyst og anledning til å koma.*)
- Skulen og barnehagen + FAU arrangerer **Sommaravslutning** på skulen i juni. (*Foreldre, søsken og event. besteforeldre er inviterte*)
- Skulen og foreldra i 7.klasse arrangerer i juni ein høgtideleg **avslutningsfest for 7.klassingane**. Sidan dette er sjølve avslutninga i 7.klasse, har arrangementet vore lagt til siste skuleveka for elevane, men ikkje same dag som avslutningsfesten på ungdomsskulen. (*Elevane i 7.klasse, foreldra, lærarane og eventuelt andre tilsette på skulen + lærarar som elevane har hatt mykje (t.d. tidlegare kontaktlærarar), men som ikkje lenger jobbar på Austbygd har blitt inviterte.*)



Skulen sin **Aktivetsplan** med konkrete datoar vert sendt heim med elevane.

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)

Den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT) skal utarbeide ei sakkunnig vurdering der lova krev det. Dette gjeld først og fremst vurdering om behov for spesialpedagogisk hjelp for barn i førskulealder og behov for spesialundervisning for elevar i grunnskulen og i vaksenopplæring på grunnskulen sitt område.

Opplæringslova krev også sakkunnig vurdering i ein del andre tilfelle, mellom anna:

- tidleg eller utsett skulestart
- fritak frå opplæringsplikta m.m.

Radøy PPT tek òg del i systemretta tiltak som t.d. ressursdagar i 1. klasse, helse-team, ansvarsgrupper, Zippys venner og Systematisk observasjon av lesing (SOL).

Helseteam

Radøy kommune har eit tverretatleg helseteam. Der deltek fagpersonar frå psykisk helse, helsestasjon, barneverntenesta og PPT.

Tilbodet kan nyttast av foreldre, elevar og tilsette i barnehagane og på skulen. Dei som har brukt helseteamet, har ønskt å ta opp utfordringar som dei står overfor som foreldre, barnehage, skule eller som ungdom. (Meir info på kommunen si heimeside.)

Saker inn til helseteam kan leverast til familierettleiar Geirunn Valdersnes,

tlf: 56 34 92 80.

Råd og utval ved Austebygd skule.

Foreldrekontaktar.

Foreldrekontaktane er tillitsvalde representantar for foreldra på kvart årstrinn. Det skal til vanleg vera ein kvinneleg og ein mannleg foreldrekontakt for kvart trinn. Foreldrekontaktane si hovudoppgåve er å vera eit bindeledd mellom Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU) og foreldre med born på same trinn. Foreldrekontakten skal samarbeida med lærarane – og særleg kontaktlærarane - om å gjera tilhøva best mogleg for elevane og forsøkja å få foreldra til å vera aktivt med i eit positivt samarbeid med skulen.



Valordninga for foreldrekontaktar (vedteken på foreldrerådsmøte - okt.98):

- Foreldrekontaktane for 1., 3. og 5.årstrinn vert valde for to år om gongen - 7.årstrinn for eitt år.
- Det skal vera to foreldrekontaktar på kvart årstrinn, ei kvinne og ein mann. Ein av desse to skal vera medlem i FAU - den andre er vara.
- Ein hovudregel skal vera at dersom det er ei kvinne i FAU i ein periode, skal det vera ein mann i neste.

Foreldrerådet ved Austebygd skule har vedteke at nye foreldrekontaktar skal veljast på foreldremøte e.l. - i vårhalvåret. Foreldrekontaktar som «går ut» er valnemnd. Dersom det nye FAU er klart, skal dei prøva å konstituera seg før sommarferien. Valordninga gjeld til nye valreglar vert vedtekne av Foreldrerådet.

Foreldrekontaktar for skuleåret 19/20.



- 1.årstrinn: **Laila Blomvågnes** (FAU) - (vara) **Linn Lunde** (valde for 2 år)
- 2.årstrinn: **Janne Grete Øvrebø Heier** (FAU) - (vara) **Gullborg Tjore** (1 år att)
- 3.årstrinn: **Karoline Brandsæter** (FAU) - (vara) **Virginijus Sakalys** (valde for 2 år)
- 4.årstrinn: **Ingunn Straume** (FAU) - (vara) **Jannike Nordanger** (1 år att)
- 5.årstrinn: **Knut Morten Straume** (FAU) - (vara) (valde for 2 år)
- 6.årstrinn: **Therese Mjøs Bendiksen** (FAU) - (vara) **Agnethe Soltveit** (1år att)
- 7.årstrinn: **Marit Ystebø** (FAU) - (vara) **Silvia Mellingen**

Foreldrerådet.

Alle foreldre / føresette med born i skulen er medlemmer i foreldrerådet. Foreldrerådet sitt styre vert kalla «Foreldrerådet sitt Arbeidsutval». (FAU). Ved Austebygd skule utgjer dei 7 valde foreldrekontaktane dette arbeidsutvalet . Leiar i FAU er alltid med i Samarbeidsutvalet (SU). I tillegg skal foreldrerådet velja ein annan foreldre-representant til SU. Det “gamle” FAU er valnemnd i samband med val av foreldrekontaktar, og ved val av leiar og nestleiar i FAU + foreldre-representant nr. 2 til SU.

Elevrådet.

Elevrådet ved Austebygd skule består av 6 elevar, 2 “tillitsvalde” frå kvar av dei 3 øvste klassane. Elevrådet skal velja 2 representantar som har høve til å møta i Samarbeidsutvalet. Ein lærar har i oppgåve å vera elevrådskontakt, og skal hjelpa og stimulera elevrådet i arbeidet. *Linn Merethe Myrtveit* er elevrådskontakt dette skuleåret.

Samarbeidsutvalet (SU).

Ved Austebygd er det felles Samarbeidsutval for skulen og barnehagen. Samarbeidsutvalet er skulen og barnehagen sitt høgaste rådsorgan.



Skulemiljøutval (SMU) (Vedteke av Stortinget 17.juni 2005)

Opplæringslova seier m.a.:”Ved kvar skule skal det vera eit skulemiljøutval. Her skal elevane, foreldrerådet, dei tilsette, skuleleiinga og kommunen vera representerte. Skulemiljøutvalet skal vera sett saman slik at representantane for elevane og foreldre til saman er i fleirtal.”

Samarbeidsutvalet kan sjølv vera skulemiljøutval. Når samarbeidsutvalet fungerer som skulemiljøutval, må det oppnemnst tilleggsrepresentantar for elevane og foreldre, slik at dei samla får fleirtal.”

”Skulemiljøutvalet skal medverke til at skulen, dei tilsette og foreldra tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skulemiljø. Skulemiljøutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulemiljøet, jfr. *Kapittel 9a i Opplæringslova.*

